



## Tomtefestelova ikkje i strid med Grunnlova

**(NPK–NTB): Paragraf 33 i tomtefestelova er ikkje i strid med Grunnlova, slår Høgsterett fast i ein samrøystes dom.**

Dermed er retten til å forlengja eit feste på same vilkår som tidlegare ikkje i strid med paragraf 97 i Grunnlova. Dommen gjeld eit sameige i Oslo som kravde forlenging av ein festeavtale.

Eit bustadsameige på Ullern i Oslo ynskte å forlengja ein 50 år gammal festekontrakt på dei same vilkåra som tidlegare, men tapte i tingretten. Saman med to andre rettstvistar, der det også vart sett spørsmålsteikn ved den nye tomtefestelova, vart saka anka direkte inn for Høgsterett.  
(©NPK)